



Jostein Hjelmtveit  
Hjelmtveitvegen 30 A  
5912 SEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Ida Loftesnes Kvåle, 5764 3155

## Alver kommune - gbnr. 165/8 Hjelmtveit - klage på ilegging av gebyr

Vi viser til oversending av klagesak frå Alver kommune den 06.02.2023,<sup>1</sup> og klage datert 30.12.2020.

### Vedtak

**Statsforvaltaren i Vestland stadfestar Alver kommune sitt vedtak datert 10.12.2020, referanse 20/9846 - 20/78427, sak 1347/20. Gitt gebyr vert ikkje sletta eller redusert.**

### Bakgrunn for saka

Alver kommune har den 18.08.2020, referanse 20/9846 – 20/50350, sak 820/20, handsama og gitt løyve til fasadeendring (byte vindauge med ei dør) og bygging av terrasse/altan (50m<sup>2</sup>) på eigedomen gbnr. 165/8, jf. plan- og bygningslova § 20-4. Søknaden er datert 11.05.2020, motteke i kommunen den 15.05.2020.<sup>2</sup>

Du er gitt eit gebyr på kr. 7 400,- for handsaminga av søknaden.<sup>3</sup> Gebyret er gitt etter gjeldande gebyrregulativ for Alver kommune.<sup>4</sup> Det er ikkje gitt gebyr for handsaming av dispensasjon. Du har den 18.09.2020 klaga på gebyret, og bedt om at gebyret vert sletta. Det er 3-vekers sakshandsamingstid på saka og at du vart opplyst om at det ikkje var manglar med søknaden din.

Alver kommune har avvist klagen den 10.12.2020, referanse 20/9846 - 20/78427, sak 1347/20. Klaga er avvist med heimel i at klaga ikkje gjaldt eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 33, jf. § 28 første ledd. Kommunen viser til plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK10 § 7-2 og § 7-5, jf. plan- og bygningslova § 20-3. Vidare viser dei til at det i saker med 3-vekersfrist ikkje er opna for reduksjon av gebyr, slik som i saker med 12-vekersfrist, fordi vedtaket er rekna som gitt etter 3 veker.

Vedtaket er påklaga av deg den 30.12.2020, motteken i kommunen den 07.01.2021. Du har klaga på avvisinga og det opphavelige gebyret i saka. Du har i klaga vist til at kommunen opplyste om 3-

<sup>1</sup> Sjå også ettersending av nødvendige tilleggsdokument den 23.03.2023 og 24.03.2023.

<sup>2</sup> Sjå også søknad om dispensasjon motteke i kommunen den 18.06.2020, som seinare viste seg å ikkje vere naudsynt.

<sup>3</sup> Fakturanummer 500 00 603, basisgebyr § 20-4 u/ans, kode 10.3.1.

<sup>4</sup> Gebyrregulativ for Alver kommune 2020, *Gebyr- og betalingssatsar 2020, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning*, vedteke i Alver kommunestyre den 19.12.2019, sak 053/19, gjeldande frå 01.01.2020.



vekers sakshandsamingstid, at kommunen har gitt ulike og uriktige opplysningar og at søknaden din ikkje hadde manglar ved innsending. Kommunen har brukt nesten 14 veker på sakshandsaminga, og har grunngeve dette med at kommunen først vurderte det som naudsynt med dispensasjon.

Alver kommune har handsama klaga den 06.02.2023, sak 20/9846 – 23/5727. Klaga er ikkje tatt til følgje og saka er sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

### **Regelverk**

Statsforvaltaren er delegert mynde til å avgjere klager som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, sjå plan- og bygningslova § 1-9 femte ledd og rundskriv T-2/09 frå Kommunal- og distriktsdepartementet.

Statsforvaltaren kan prøve alle sider ved vedtaket, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. forvaltningslova § 34. Ved prøving av det kommunale skjønnnet skal Statsforvaltaren leggje stor vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.

Kommunen skal gje løyve til tiltak som ikkje er i strid med føresegner gjevne i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova § 21-4 første ledd. Tiltak i strid med plan eller føresegner i plan- og bygningslova, kan berre godkjennast dersom det samstundes vert dispensert frå føresegna tiltaket strid mot, jf. plan- og bygningslova kapittel 19.

Plan- og bygningslova § 33-1 gir kommunen heimel til å fastsette gebyrregulativ til dekning av utgifter for handsaming av «*søknad om tillatelse, utferdigelse av kart og attester og for andre arbeid som det etter denne lov eller forskrift påhviler kommunen å utføre, herunder behandling av private planforslag*». Gebyret skal ikkje overstige kommunen sine nødvendige kostnader på sektoren.

Alver kommune har fastsett dette i gebyrregulativ for Alver kommune 2020, *Gebyr- og betalingssatsar 2020, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning*, vedteke i Alver kommunestyre den 19.12.2019, sak 053/19, gjeldande frå 01.01.2020.

Sjølve gebyret sin storleik og ilegginga av gebyret er vedtatt i forskrift, og kan derfor ikkje klagast på som et enkeltvedtak etter forvaltningslova § 28 første ledd, jf. § 2. Bruken av gebyrregulativet og grunngevinga for ilegginga kan likevel klagast på når betalingsplikta oppstår som følgje av ei individuell avgjersle.

Det følgjer av SAK10 § 7-6 at det skal medreknast eit gebyrbortfall ved kommunens fristoversitting «*Ved fristoverskridelse av tidsfristene i § 7-4 bokstav a og plan- og bygningsloven § 21-7 første og fjerde ledd skal kommunen tilbakebetale tiltakshaver 25% av det totale gebyret for hver påbegynt uke tidsfristen overskrides.*»

### **Statsforvaltaren si vurdering**

Statsforvaltaren finn at saka er tilstrekkeleg opplyst til å gjere vedtak, jf. forvaltningslova § 33. Vidare har du klagerett og det er klaga til rett tid, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Alver kommune har handsama klage datert 18.09.2020 som ei klage på gebyret, og har difor avvist klaga. Det er avvissingsvedtaket som er til handsaming her.

#### **- Ilegging av gebyr, jf. plan- og bygningslova § 33-1**

Det følgjer av plan- og bygningslova § 33-1 at kommunen etter forskrift kan krevje gebyr for «*behandling av søknad om tillatelse, utferdigelse av kart og attester og for andre arbeid som det etter denne lov eller forskrift påhviler kommunen å utføre ...*»



Det er i denne saka ikkje omdiskutert at det er eit søknadspliktig tiltak som krev løyve frå kommunen. Kommunen kan difor pålegge deg å betale gebyr, jf. plan- og bygningslova § 33-1.

Det er Alver kommune sitt regulativ for *Gebyr- og betalingsssatsar 2020, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning*, som er heimelen for ilegginga av gebyret. Det er difor gitt gebyr på kr. kr. 7 400,- for handsaminga av søknaden, jf. regulativet pkt. 10.3.1. Det er ikkje gitt gebyr for dispensasjonsvurdering (ref. at kommunen var usikker på om tiltaket kravde dispensasjon).

Vi viser til at det går fram av uttale frå Justisdepartementets lovavdeling og Kommunal- og regionaldepartementet<sup>5</sup> at dersom gebyrregulativet er utforma på ein slik måte at det er eit eintydig bestemt beløp som alltid skal betalast, kan ilegginga av gebyret ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Det same gjeld differensierte gebyrsatsar, dersom det ikkje er «*forbundet med rettslig eller faktisk tvil*» å fastslå kvaslags gebyr som skal betalast i den einkilde sak.

I denne saka er du gitt eit gebyr på kr. 7 400,-. Vi har, likt som kommunen, kome til at det ikkje er rettsleg eller faktisk tvil om kvaslags gebyr som skal gis i denne saka. Vi viser i denne samanheng til at sjølv om kommunen har vore usikre i løpet av sakshandsaminga, så har dei ikkje gitt gebyr for arbeidet med dispensasjonen. For denne type søknad er det eit bestemt og eintydig gebyr som skal betalast.

Ilegginga av gebyret er difor ikkje eit enkeltvedtak, og det er difor heller ikkje klagerett på sjølve ilegginga av gebyret, jf. forvaltningslova § 28, jf. § 2 bokstav b. På bakgrunn av dette var det rett av kommunen å avvise klaga på gebyrvedtaket, der det vart bedt om at gebyret vart sletta. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å ta klaga til følge på dette punktet.

- Reduksjon av gitt gebyr/gebyrbortfall, jf. gebyrregulativet

Gebyrutmålinga, og evt. søknad om reduksjon er eit enkeltvedtak som kan klagast på, jf. forvaltningslova § 28 første ledd, jf. § 2.

Slik vi forstår kommunen si handsaming og klaga di, så er det klaga på ilegginga i sin heilskap (avvist), avvisinga er påklaga og det er søkt om reduksjon av gebyret på grunn av sakshandsamingstida. Alver kommune har ikkje gitt reduksjon i gebyret på grunn av sakshandsamingstida.

Det går fram av dokumentasjonen i saka at denne saka skal handsamast etter føresegna i plan- og bygningsloven § 20-4, jf. § 21-7 tredje ledd. Tiltaket er i samsvar med plan- og bygningslova, det er ikkje kome merknader frå naboane, det er ikkje naudsynet med løyve frå anna styresmakt og tiltaket krev ikkje dispensasjon. Sakshandsamingstida til kommunen er difor 3 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-7 tredje ledd. Dersom søknaden ikkje er handsama innan desse tre vekene, kan tiltakshavar rekne løyve som gitt.

Kommunen har i denne saka bruk nesten 14 veker, frå komplett søknad kom inn den 11.05.2020 til vedtak og løyve datert 18.08.2020.

Vi viser til at det følgjer av gjeldande gebyrregulativ pkt. 4.5 at gebyret i byggesaker kan bli redusert etter føresegna i SAK10 § 7-6, dersom kommunen ikkje overheld lovpålagte sakshandsamingsfristar.

---

<sup>5</sup> Se Justisdepartementets lovavdelings uttalelse av 29.08.1989 og Kommunal- og regionaldepartementets tolkningsuttalelse av 11.04.2007.



Det følger vidare av SAK10 § 7-6 at det ved «*overskridelse av tidsfristene i § 7-4 bokstav a og plan- og bygningsloven § 21-7 første og fjerde ledd skal kommunen tilbakebetale tiltakshaver 25 % av det totale gebyret for hver påbegynt uke tidsfristen overskrides.*»

SAK10 § 7-4 gjeld dispensasjonar og er ikkje aktuell i denne saka. Plan- og bygningslova § 21-7 første og fjerde ledd gjeld søknad om løyve etter plan- og bygningslova § 20-2, og søknad etter § 20-2 som krev dispensasjon, der det er 12 veker sakshandsamingstid.

Oversitting av sakshandsamingstida på 3 veker, etter plan- og bygningslova § 21-7 tredje ledd, gir på bakgrunn av dette ikkje grunnlag for reduksjon av gitt sakshandsamingsgebyr, jf. siste setning «*dersom kommunen ikkje har avgjort søknaden innen fristens utløp, regnes tillatelsen som gitt.*»

Det er ikkje grunnlag for å gi reduksjon i gitt sakshandsamingsgebyr.

- Oppsummering

Ut frå vurderingane over kan Statsforvaltaren ikkje sjå at det er grunn til endre Alver kommune sitt vedtak i saka. Statsforvaltaren er einig i Alver kommune sine vurderingar i saka.

Gebyret ligg innanfor dei rammene som loven trekk opp, det ligg ikkje føre andre grunnar for nedsetting og gebyret er rimeleg. Det er ikkje heimel for å ettergi eller redusere gebyret.

Klaga vert difor ikkje tatt til følgje. Alver kommune sitt vedtak vert stadfesta.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Med helsing

Karen Elin Bakke  
seniorrådgjevar

Ida Loftesnes Kvåle  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG